



## Statens vegvesen

Ard Arealplan  
Nygårdsgaten 114  
5008 BERGEN

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:  
17/110477-2

Dykkar referanse:  
ard016001

Vår dato:  
24.08.2017

### Uttale – Varsel om reguleringsplan for Austmarka sentrum – Fv. 565 – Gnr. 79 bnr. 107, 109, 110 m.fl. – Radøy kommune

Statens vegvesen syner til brev mottatt 13.07.2017. Frist for merknader er 30.08.2017.

*Statens vegvesen har ansvar for å sjå etter at føringane i Nasjonal transportplan (NTP), statelege planretningsline for samordna bustad-, areal og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. Vi uttalar oss som forvaltar av fylkesveg på vegne av fylkeskommunen og som statleg fagstyresmakt med sektoransvar på transportområdet.*

#### Kva saka gjeld:

Det er meldt oppstart av planarbeid for *Austmarka sentrum* i Radøy kommune. Planområdet er om lag 27 daa, og er lokalisert aust for fv. 565 og sør for Sæbø skule og den såkalla *Bunnpris – tomta* (gnr. 79 bnr. 110). Planområdet er i dag regulert til næring, bustad og friområde jf. kommunedelplan for Radøy sør. Det meste av planområdet er også regulert gjennom *Austmarka Øvre* (2011). Føremålet med planarbeidet er å leggje til rette for ei føremålsblanding mellom næring og bustad som byggjer opp under lokalsenterutvikling i området.

#### Generelt:

Statens vegvesen bed generelt om at følgjande tema blir tekne omsyn til i reguleringsprosessar:

- Plassering og utforming av naudsynte tiltak knytt til riksveg/fylkesveg (kryss, avkjørsler, busslommer, tilbod til mjuke trafikantar m.m.)
- Tilhøva for mjuke trafikantar mellom varsla planområde og nærliggjande målpunkt (t.d. busshaldeplassar, skule m.m.)
- Byggegrenser til riksveg/fylkesveg


Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

- Vegtrafikkstøy
- Tekniske vegteikningar i samsvar med Statens vegvesen sine handbøker
- Universell utforming



Figur: Planområde (til venstre) og situasjonskart (til høgre).

#### Statens vegvesen har følgjande konkrete innspel til arbeidet med reguleringsplanen:

Fylkesvegen vest for planområdet er del av det overordna fylkesvegnettet. Vi er i det vidare planarbeidet opptatt av både å oppretthalde transportfunksjonen for vegen, samt at vi vil ha fokus på trafikktryggleiken i eit område som ligg nær skule, butikk og andre sentrumsfunksjonar. Planarbeidet må henvende seg til alle trafikantgrupper i området. Ein må tenke trafikktryggleik både langs fv. 565 og andre målpunkt som til dømes Sæbø skule og busshaldeplass.

Statens vegvesen vil i løpet av hausten 2017 varsle oppstart av planarbeid for fylkesvegen.

#### Trafikk og trafikktryggleik:

Deler av planområdet er regulert gjennom *Austmarka Øvre (2011)*. Dette er ein eldre plan, og vi er usikre kor vidt området og trafikkarealet er bygd i samsvar med denne planen. Det vidare planarbeidet må vurdere om vegen i denne planen er tilstrekkeleg dimensjonert for vidare utbygging og auka trafikk som følgje av plan for *Austmarka sentrum*.

Det må utarbeidast ei trafikkanalyse som skildrar dagens trafikksituasjon i området, og som må leggjast til grunn for det vidare planarbeidet. Det må vurderast om det er tilstrekkeleg kapasitet i kryss mellom fylkesveg 565 og kommunal veg, og om dagens vegen er dimensjonert for utbygginga. Trafikktryggleiken for mjuke trafikantar må vurderast særleg i planarbeidet. Ein må vidare syne ein samanheng i vegsystemet mellom denne planen og

*Austmarka Øvre*, samt at ein må sjå det i samanheng med vidare utbygging i samsvar med *Kommunedelplan for Radøy sør* og andre relevante planar i området.

**Planavgrensing:**

Vi rår til at planområdet vert utvida retning nord mot Sæbø skule slik at kommunal veg med tilhøyrande veganlegg vert innlemma i planområdet. Dette mellom anna for å sikre ein god samanheng på infrastrukturen i området.

**Rekkfølgekrav:**

Basert på omfanget av planlagt utbygging vil vi vurdere om det skal stillast krav om rekkfølge for veg- og trafikktryggleikstiltak.

**Byggjegrænse:**

Statens vegvesen skal melde oppstart for planarbeid for fv. 565 i løpet av hausten 2017. Det må leggast til grunn at vi vil ha ei restriktiv haldning til byggjegrænse langs fylkesvegen. Dette for å sikre seg at det vert tilstrekkeleg areal til ulike vegføremål i vegplanen. I utgangspunktet er det 50 meter byggjegrænse for denne strekninga langs fv. 565.

Vi minner om at alle tiltak, også interne vegar og parkeringsareal, inngår i byggjeforbodet. Det er eigne byggjegrænser mot gang- og sykkelveg og i vegkryss.

**Avkøyrsløse:**

Det kan ikkje påreknast direkte avkøyrsløse til fylkesvegen, og avkøyrsløse frå offentleg veg må difor gå om kommunal veg.

Det kjem fram i oppstartsvarselet at *Bunnpris-tomta* er teke med i planområdet mellom anna for å regulere tilkomst til området. Slik vi tolkar plangrensa omfattar planområdet ikkje sjølv avkøyrsløse frå offentleg veg. Ein må i det vidare planarbeidet sørge for at planen heimlar slik tilkomst. Dersom dette ikkje er tilfellet må søknad om avkøyrsløse i så fall behandlast etter veglova § 40, 2 ledd. Vi viser til vår kommentar om planavgrensing.

Det kjem elles fram av reguleringsplan for Austmarka Øvre (2011) at avkøyrsløse til fv. 565 lengst sør i planområdet skal stengast.

**Støyanalyse**

Deler av planområdet ligg i raud og gul støysone jf. Statens vegvesen sine støyvarslingskart. Vi gjer merksam på at dersom det vert planlagt nye bustader i gul støysone, skal kommunen krevje at det vert utarbeida ei støyfagleg utgreiing saman med planframlegget, jamfør retningslina for handsaming av støy i arealplanlegging (T-1442/2012). Vi gjer særleg merksam på støyretningslina sine krav knytt til støynivå på uteopphaldsareal og på fasade (stille side).

**Oppsummert:**

Statens vegvesen ber om at det leggast til rette for ein dialog i det vidare planarbeidet.

Når det føreligg eit konkret planforslag vil vi vurdere om våre interesser er tatt tilstrekkeleg i vare.

Plan og forvaltning Bergen  
Med helsing

Sindre Lillebø  
seksjonsleiar

Tone Bøyum  
overingeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi  
Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN  
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN  
Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 MANGER